

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2023/267-17

Saksbehandlar

Gunn Tove Petterteig og Niels Jakob Erlingsson

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2024/96	Kommunestyret	19.09.2024

Tilleggshøyringsuttale - Mauranger kraftverk

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret vedtek å sende tillegg til høyringsuttale slik den ligg føre.

Kommunestyret si behandling i møte den 19.09.2024:

BEHANDLING:

Nytt framsett forslag frå Per Harald Havnen Løfgren Johansen:

Slik saka ligg føre, kan ikkje Kommunestyret sjå at det er proporsjonalitet mellom naturinngrepa, belastninga på lokalsamfunnet og den økonomiske verdiskapinga ved den planlagde utbygginga på den eine sida, og kompensasjonen til lokalsamfunnet og Kvinnherad kommune på den andre sida.

- 1. Kommunestyret sender tillegg til høyringsuttale som vedlagt.*
- 2. Kvinnherad kommune vil motsetje seg den omsøkte utbygginga, inntil det er oppnådd ein tilstrekkeleg balanse mellom belastning og kompensasjon for utbygginga.*
- 3. Kommunestyret gjev Ordførar fullmakt til å gjennomføra forhandlingar om avtalevilkår med konsesjonssøkar. Ein evt. avtale skal godkjennast av Kommunestyret etter naudsynt offentleg prosess.*

RØYSTING:

Nytt framsett forslag frå Løfren Johansen vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Slik saka ligg føre, kan ikkje Kommunestyret sjå at det er proporsjonalitet mellom naturinngrepa, belastninga på lokalsamfunnet og den økonomiske verdiskapinga ved den planlagde utbygginga på den eine sida, og kompensasjonen til lokalsamfunnet og Kvinnherad kommune på den andre sida.

- 1. Kommunestyret sender tillegg til høyringsuttale som vedlagt.***
- 2. Kvinnherad kommune vil motsetje seg den omsøkte utbygginga, inntil det er oppnådd ein tilstrekkeleg balanse mellom belastning og kompensasjon for utbygginga.***
- 3. Kommunestyret gjev Ordførar fullmakt til å gjennomføra forhandlingar om avtalevilkår med konsesjonssøkar. Ein evt. avtale skal godkjennast av Kommunestyret etter naudsynt offentlig prosess.***

Bakgrunn:

Statkraft har søkt om konsesjon for utbygging av Mauranger 2 kraftverk, og konsesjonssaka ligg per dato til behandling hos NVE.

Kvinnherad kommune har tidlegare kome med høyringsuttalar i saka der det er peika på behov for ytterlegare utgreiingar av ulike naturfaglege tema. Kommunen har òg framheva at kommunen sitt standpunkt til konsesjonssøknaden må baserast på ei samla vurdering av fordelane og ulempene av utbygginga som det er søkt om vil innebere for kommunen og innbyggjarane, både på kort og lang sikt. Dei naturverdiane Kvinnherad kommune gjennom den omfattande vasskraftutbygginga allereie har avstått til storsamfunnet og til glede for andre delar av landet, har heva terskelen for kva nye naturinngrep og varige ulemper kommunen kan gje sin tilslutnad til. Spørsmålet for kommunestyret no er om den planlagde utbygginga vil etterlate seg ei rimeleg fordeling av ytterlegare byrder og gode mellom storsamfunnet og Kvinnherad-samfunnet. Sjå høyringsuttalen datert 27. februar 2023, punkt 3 «Kva innverknad vil utbygginga ha på kommunane sin økonomi?» og tilleggsuttalen punkt 4.0 «Økonomiske vilkår».

Etter avslutta høyring har NVE bede Statkraft om tilleggsopplysningar/-utgreiingar om enkelte fagtema som skal avklarast i løpet av hausten 2024. NVE har derimot ikkje bede Statkraft om nokon utfyllande vurderingar av dei samfunnsmessige verknadene ei effektutbygging vil ha for lokalsamfunnet, trass i at kommunen i sin høyringsuttale nettopp har uttrykt stor uvisse knytt til dette.

Kvinnherad kommune har derfor teke initiativ til ein dialog direkte med Statkraft for å prøve å få avklart dei langsiktige økonomiske konsekvensane av effektutbygginga.

Saksutgreiing:

Statkraft har halde fast ved at tala som er oppgitt i notatet «*Nærare vurdering av økonomiske konsekvensar for kommunane*» datert 2. desember 2022, er korrekte basert på den kunnskapen Statkraft har i dag. Samstundes har Statkraft gjort det klart at dei berekningane som er utført, med påfølgjande konklusjonar, er basert på ei rekkje usikkerheitsmoment.

Kommunen si oppgåve ved behandlinga av ein konsesjonssøknad er å avvege dei samla fordelane og ulempene frå eit kommunalt perspektiv. Det er ei kjensgjerning at utbygging av fornybare energikjelder krev bruk av mykje areal og med uunngåelege inngrep i naturverdiar av irreversibel karakter. Det er vidare ei kjensgjerning at det er aukande merksemd om verdien av natur, slik at

kvart inngrep i utgangspunktet vil bli sett på som sterkt negativt, jf. til dømes Naturrisikoutvalget sin rapport, NOU 2024:2 "I samspill med naturen".

Kommunestyret viser til at regjeringa hausten 2024 vil leggje fram ei stortingsmelding om naturmangfald. Meldinga vil vera ein nasjonal handlingsplan for natur og gje politisk retning for korleis Noregs forpliktingar i tråd med naturavtalen (The Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework (GBF)) skal nåast. Det er varsla auka prioritering av lokale arealrekneskap, og gjennom regjeringa sitt forslag til nye statlege planretningslinjer er kommunane minna på sitt ansvar for å ivareta eige naturmangfald. Det er til og med sett i verk nasjonale konkurransar om kva kommunar som i størst mogleg grad opprettheld ein «arealnøytralitet» i sin arealpolitikk. Ei utbygging som Mauranger 2 vil diskvalifisere Kvinnherad kommune i slike konkurransar.

Avvegingar av nasjonale og globale klima- og energitiltak på den eine sida og evigvarande lokale naturøydeleggingar på den andre sida er krevjande. Kommunestyret er opptatt av at slike avvegingar om framtidig arealbruk eller vern av naturmangfald blir grundig forankra hos innbyggjarar og ulike interesser i lokalsamfunnet. Nok ei vasskraftutbygging må bli forstått lokalt, også når omsyn til natur skal styrkast i arealforvaltninga. Skal ei storstilt utbygging stå seg over tid, må den òg bidra til levskraftige og attraktive lokalsamfunn for innbyggjarar og næringsliv, samstundes som behovet for klimaomstilling blir ivaretatt.

Berørte lokalsamfunn sine interesser har heilt sidan byrjinga av 1900-talet blitt ivaretatt i konsesjonslovene og skattelova, som gjennom ulike lovbestemte ordningar har sikra ei rimeleg fordeling av vasskraftformuen: Skatteordningane skal sikra vertskommunane naturressursskatt og eigedomsskatt, og konsesjonsordningane skal sikra kommunane konsesjonskraft og konsesjonsavgifter. Ordningane har noko ulik grunngjeving, men det sentrale er at kommunane samla sett skal få ein rimeleg del av verdiane som blir skapt ved utbygginga, og få ein rettmessig kompensasjon for miljøskadar og lokale ulemper.

Energikommisjonen har i si utgreiing, NOU 2023:3 "Mer av alt – raskere", stilt spørsmål ved om dagens skatte- og avgiftsregime treff morgondagen sine vasskraftutbyggingar, sjå kapittel 1.9:

«En av vår tids største hindre for å få til økt kraftproduksjon [...] er mangel på folkelig og lokal oppslutning. Skal den utfordringen tas på alvor, må virkemidler for å fjerne dette hinderet tas i bruk. Kommisjonen mener det er avgjørende at samfunnskontrakten mellom storsamfunnet og de berørte lokalsamfunn som vår vannkraftshistorie er bygget på, videreføres. Kommisjonen vil derfor anbefale at det snarest foretas en gjennomgang av gjeldende vannkraftregime med sikte på en kartlegging av hvor godt det treffer morgendagens vannkraftutbygging sett fra vertskommunenes ståsted.»

Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) har henta inn ein rapport frå THEMA Consulting Group som nettopp peikar på at dagens ordningar ikkje sikrar vertskommunane ved nye vasskraftutbyggingar ein rettmessig kompensasjon for effektutvidingar og pumpekraft. I den nemnde tilleggsutgreiinga frå Statkraft datert 2. desember 2022, er det opplyst at kostnadene ved utbygginga av Mauranger 2 er «2,65 mrd. kr for trinn 1 og 1,23 mrd. kr for trinn 2, dvs. 3,88 mrd.kr. ved full utbygging».

Dei nemnde investeringane på nærare 4 milliardar kroner seier noko om den auka verdien av den regulerbare krafta og moglegheita for effektkøyring som Folgefonna-anlegget med Mauranger 2 representerar. I realiteten illustrerer det planlagde investeringsnivået kva enorme naturverdiar som vert planlagt tatt i bruk.

Statkrafts sine utrekningar viser at effektutbygginga vil gje Kvinnherad kommune noko meir naturressursskatt og konsesjonsavgift, samt noko inntektsauke på konsesjonskraft så lenge framtidig kraftpris overstig gjeldande konsesjonskraftpris og innmatningskostnad. Effekten på eigedomsskatten vil i større grad variere avhengig av framtidig kraftpris og kan i verste fall medføre negative økonomiske konsekvensar for kommunen. Ved ein framtidig kraftpris der ein legg til grunn NVE sitt hovudscenario, vil eigedomsskatten bli tilnærma uforandra frå dagens situasjon. Det er ikkje tvilsamt at utbygginga av Mauranger 2 kraftverk vil ha stor samfunnsøkonomisk verdi, samstundes som den gir god inntening for eigarane. Det er derfor Kvinnherad kommune sitt syn at

den økonomiske utrekninga til Statkraft viser at det ikkje er proporsjonalitet mellom verdien av Mauranger 2 og den delen av verdiskapinga som kommunen vil få frå utbygginga.

Det noverande vasskraftregime og den samfunnskontrakten Energikommisjonen nemner, er bygd på tre grunnpilarar:

1. For det første har dei lokalsamfunn som gir frå seg sine naturressursar til storsamfunnet eit legitimt krav på ein rettmessig del av verdiskapinga.
2. For det andre skal konsesjons- og skatteregimet sikre vertskommunane ei erstatning for generelle skadar og ulemper på deira naturressursar, og
3. for det tredje skal prinsippet om den lokale skatteretten sikre kvar kommune inntekt av dei skattegrunnlaga som finst i den enkelte kommune, her gjennom den kommunale eigedomsskatteordninga.

Dei utrekningane Statkraft har lagt fram, viser at dei føreliggande utbyggingsplanane ikkje er forankra i desse grunnpilarane. Det openberre misforholdet som Statkraft sjølv har avdekka mellom kva Kvinnherad kommune vert beden om å gje frå seg av verdiar og kva kommunen både på kort og lang sikt vil sitje att med, legg ei plikt på kommunestyret til å motsetje seg den omsøkte utbygginga.

Vår vasskraftshistorie og etter kvart vår ferske, nasjonale vindkraftshistorie har mange døme på at utbyggingssaker med tilsvarande misforhold mellom fordelinga av byrder og gode er blitt reparert gjennom avtaler mellom utbyggjar og vertskommune. Kommunestyret vil oppmoda Statkraft til å ta initiativ til samtalar med kommunen med sikte på å oppnå ein betre balanse i byrde- og godefordelinga mellom storsamfunn og lokalsamfunn. Berre gjennom ein slik dialog kan «(..) *samfunnskontrakten mellom storsamfunnet og de berørte lokalsamfunn som vår vannkraftshistorie er bygget på, videreføres*, som Energikommisjonen meiner er «avgjørende»

Rammeverket tek tid å endra. Difor vil Kvinnherad kommune kome med ei sterk oppmoding om at staten og storsamfunnet tek denne kampen og at kommunane får det dei rettmessig bør ha krav på. Ein utbyggingsavtale eller eit rettsleg rammeverk som ivaretek kommunen sine rettar må vera på plass før kommunen kan gje si tilslutning til konsesjonssøknaden.